

Til naboar, gjenbuarar,  
rettshavarar og offentleg mynde

OSE AS  
Vikeøyrane 7, 6150 Ørsta  
Tlf 70 04 52 20  
firmapost@oseing.no

Vår ref.: P1617 Ålesund 13.02.2020

[oseing.no](http://oseing.no)

## Detaljplan Støylane – varsel om oppstart av planarbeid

I medhald av plan- og bygningslova §§ 12-1, 12-3 og 12-8 blir det med dette varsla om igangsetjing av privat detaljregulering for del av eigedomene gnr./bnr. 10/2 m. fl. i Ulstein kommune. Planid er 20200001.

Grunneigarane er forslagsstillar og OSE AS er plankonsulent for planarbeidet.

### Lokalisering

Planområdet ligg i Ulsteinvik, ved Støylane, vest for Høddvoll, i Ulstein kommune.

### Mål med planarbeidet

Målsetjing med planen er å leggje til rette for:

- Veg
- Leikeareal
- Utbygging av bustadar; frittliggande og konsentrert småhus, mellom 20 – 25 bueiningar

### Planområdet

Planområdet består av eigedomane gnr./bnr. 10/2 og 133, og er på om lag 20 daa.

### Planstatus

Overordna plan

I arealdelen for Ulstein kommune har planområde formål bustadareal og vidareføring av gjeldande reguleringsplan.

### Regulering

Planområdet er regulert med formål landbruk, leikeareal og offentleg, areal til barnehage. Det er ikkje regulering under arbeid i nærområdet. Areal regulert til offentleg formål er overstyrt av arealdelen, endra til bustadformål.

### Dispensasjon

Det er ikkje gjeve dispensasjon knytt til utbygging innanfor planområdet.

## Konsekvensutgreiing

Vurdering av planarbeidet etter KU-forskrifta:

Etter § 6b skal reguleringsplanar alltid KU-vurderast etter tiltak i vedlegg I. Regulering av området kjem ikkje inn under noko av tiltaka etter vedlegg I.

Etter § 8 skal planar KU-utgreiast dersom dei får vesentleg verknad for miljø og samfunn og tiltak i vedlegg II. Planområdet ligg ikkje i verneområde, eller kjem i konflikt med utvalde naturtypar, verna vassdrag, nasjonale laksefjorðar/-vassdrag eller kjente automatisk freda kulturminne. Planarbeidet kjem ikkje i konflikt med statlege planretningsliner, statlege bestemmelser, eller regionale og rikspolitiske retningsliner i medhald av pbl. Det blir ikkje lagt opp til større omdisponering av areal sett av til landbruk og som har stor betydning for landbruket. Utbygging av planområdet vil ikkje gje konsekvensar for folk si helse, medføre vesentleg forureining eller klimagassutslepp eller medføre høg risiko for alvorlege ulykker på grunn av ras, skred eller flaum.

Regulering av området vil ikkje få vesentleg verknad for miljø og samfunn.

Etter ei samla vurdering blir det vurdert at planarbeidet for Støylane ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing eller planprogram.

## Oppstartsmøte med kommunen

Det vart halde oppstartsmøte med kommunen 18.12.2019, med følgjande hovudpunkt:

- Utforming plangrense
- Buffersone mot Høddvoll
- Leikeareal
- Gangveg frå UVS og Høddvoll gjennom området
- Vatn og avløp

## Informasjon og medverknad

Det vil bli sendt varsel om oppstart til naboar og gjenbuarar, kunngjering i lokal avis og på nettet, i samsvar med pbl. § 12-8. For nærare informasjon ta kontakt med OSE, mob. 974 89 987 eller e-post [bjarte@oseing.no](mailto:bjarte@oseing.no). Reguleringsarbeidet blir vurdert til å gje små negative ulemper for naboar. Det blir difor ikkje lagt opp til medverknadsmøte i samband med oppstart av planarbeid.

## Meir informasjon

Møtereferat frå oppstartsmøtet 18.12.2019, varslingsbrev og kart blir lagt ut på Ulstein kommune sine heimesider under høyringar og kunngjeringar og på OSE sine heimesider under [kunngjeringar](#).

## Merknadar til oppstartsmeldinga

Merknadar som har verknad eller interesse for planarbeidet kan sendast:

OSE AS på e-post plan@oseing.no

eller

OSE AS  
Vikeøyrane 7,  
6150 Ørsta

Frist for merknadar vert sett til **13.03.2020**. Merk fråsegn med P1617.

Alle mottekne dokument og merknadar blir sendt kommunen saman med planframlegget.

### **Vidare sakshandsaming**

Etter at meldingsfrista er ute vil plandokumenta bli utarbeidd for deretter å bli sendt kommunen for sakshandsaming. Etter handsaming i kommunen blir plandokumenta lagt ut til offentleg ettersyn. Det vil då bli høve til å kome med merknadar til planframlegget før vidare politisk handsaming og vedtak.

Med helsing



Bjarte F Friisvold  
Arealplanleggar  
Mob 974 89 987

Vedlegg:

Detaljplan Støylane – plangrense kart\_06.02.2020  
Detaljplan Støylane – plangrense flyfoto\_06.02.2020  
Detaljplan Støylane – plangrense gråtone\_06.02.2020  
Detaljplan Støylane – plangrense arealdelen\_06.02.2020  
Detaljplan Støylane – plangrense regplan\_06.02.2020

Vedlegg også sendt elektronisk/heimeside:

Referat frå oppstartsmøte 18.12.2019  
Oversiktskart

Brev sendt elektronisk til:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Møre og Romsdal fylkeskommune  
Statens vegvesen  
NVE  
Ulstein kommune  
Mørenett

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk

Brev:

Hødd IL	Pb 248	6065 Ulsteinvik
Simon B Belay	Støyleråsa 11	6065 Ulsteinvik
Jonny Rasmussen	Støyleråsa 15	6065 Ulsteinvik
Monika Garnes	Støyleråsa 13	6065 Ulsteinvik
Gnist Barnehager Støylane as	Kjerkgata 15	7374 Røros
Rolf Tjørvåg	Nes 146	6183 Trandal
Laila Håndlykken	Solhøgda 26	6065 Ulsteinvik
Arvid Kvalheim	Solhøgda 24	6065 Ulsteinvik
Jan-Roar Skeide	Holsekergerdet 16	6065 Ulsteinvik
Rebecca Skeide	Solhøgda 14	6065 Ulsteinvik
Erlend Lindset	Solhøgda 7	6065 Ulsteinvik
Mon Kleven	Solhøgda 5	6065 Ulsteinvik
Jan Kåre Blindheim	Solhøgda 5	6065 Ulsteinvik
Inger Marion Molvær		
Linda Iren Pedersen	Solhøgda 18	6065 Ulsteinvik
Ivar A Svoren	Solhøgda 18	6065 Ulsteinvik
Marita Myrvåagnes	Holsekervegen 90	6065 Ulsteinvik
Simon H Huse	Holsekervegen 90	6065 Ulsteinvik
Elisabet H Dimmen	Solhøgda 1	6065 Ulsteinvik
Jim O Dimmen	Solhøgda 1	6065 Ulsteinvik
Yrjar Garshol	Solhøgda 3	6065 Ulsteinvik
Geir O Molvær	Rognahaugen 10	6065 Ulsteinvik
Hilde D Molvær	Rognahaugen	6065 Ulsteinvik
Hjalmar M Molvær	Rognahaugen 8	6065 Ulsteinvik
Mona Ouba	Støyleråsa 21	6065 Ulsteinvik
Carolita Berntzen	Støyleråsa 19	6065 Ulsteinvik
Oskar V Berntzen	Støyleråsa 19	6065 Ulsteinvik
Robert Moltu	Fjellgata 51 E	6007 Ålesund
Otto Johan Botnen	Postboks 30	6067 Ulsteinvik
Trude Lunaas	Rognahaugen 11	6065 Ulsteinvik
Eirik Lunaas	Rognahaugen 11	6065 Ulsteinvik
Ann-Kristin Kvalen	Støylevegen 18	6065 Ulsteinvik
Arne Hans Hatløy	Rognahaugen 4	6065 Ulsteinvik
Marit Kleiven	Rognahaugen 15	6065 Ulsteinvik
Jørgen Kleiven	Rognahaugen 15	6065 Ulsteinvik
Olav I Worren	Rognahaugen 6	6065 Ulsteinvik
Ingebjørg Rønning	Hovsetråsa 72	6065 Ulsteinvik
Ole Inge Molvær	Hovsetråsa 72	6065 Ulsteinvik
Norsk Luthersk Misjonssamband	Sinsenveien 25	0572 Oslo
Håkon Langeland	Solhøgda 20	6065 Ulsteinvik
Lars Mork	Solhøgda 22	6065 Ulsteinvik
Monika Notøy	Solhøgda 28	6065 Ulsteinvik